



Ikkje eit malingstrok har vore spandert på ungdomsskulen dei siste åra. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Rehabiliteringspakka frå regjeringa på 15 milliardar i rentefrie lån er ei gåvepakke og ein gyllen sjanse ein ikkje har råd til å sleppa frå seg. Det held rektor ved Rosendal ungdomsskule Stein E. Schille fram overfor Grenda.

Ved denne skulen, som har prekær trong for rehabilitering, går det også mange elevar frå Uskedalen. Schille meiner at alle føresetnader for å ta tak i rehabiliteringa no er til stades. No handlar det berre om vilje til å setja i gang. Eit rentefritt lån har dei aldri vore i nærleiken av tidlegare og det må dei nytta seg av, held Schille fram. Gunn Mari Moberg (H, Uskedalen) stilte spørsmål om framdrifta av rehabiliteringa i siste møte i kommunestyret.

Skulen toppar prioriteringslista for oppgradering av skulebygga i kommunen, men fram til no er korkje omfang eller finansiering avgjort. Men planane er no nesten heilt klare og ein har også tilgjengeleg arbeidskraft. Dermed er alle rammefaktorane kome på plass.

- Håpet er at ein tar på alvor mandatet til gruppa som har utarbeidd planane slik at ein tenkjer 20 år fram i tid og får ein framtidsretta skule, held rektor fram.

Den nye it-kvardagen gjer at dagens klasserom er for små Ein treng no plas til både pc og bøker på same pult.

Utvendig har det ikkje vore eit malingstrok dei siste åra – ein har venta på rehabiliteringa. Men den manglande malinga har sjølv sagt bidrege til å framskynda forfallet.

Av Ola Matti Mathisen